



# NORGES HØYESTERETT

*Høyesterett er den øvste domstolen i landet og har som hovudoppgåve å arbeide for rettsavklaring og rettsutvikling. Høyesterett blir leia av justitiarius. I tillegg har domstolen 19 dommarembete, eit embete som direktør, ein assisterande direktør, 25 andre juriststillingar og 22 stillingar innan administrasjon og saksbehandling. Det juridiske og administrative støtteapparatet i Høyesterett blir leia av direktøren. Høyesterett held til i Høyesteretts Hus i Oslo.*

## Saksbehandlar

Det er ledig ei fast stilling som saksbehandlar i saksbehandlingseininga i Høyesterett.

Arbeidet som saksbehandlar i saksbehandlingseininga består primært i å hjelpe dommarane og utgreiarane med saksbehandling i tilknytning til ankesakene og å utføre alminneleg ekspedisjonsarbeid. Som ein del av Høysteretts administrative støtteapparat utfører saksbehandlarane i saksbehandlingseininga også andre administrative og praktiske arbeidsoppgåver. Saksbehandlarane har også arbeidsoppgåver knytt til digitaliseringsprosessen som Høysterett no er inne i.

Vi søker ein person med:

- Relevant utdanning på bachelornivå eller tilsvarende.
- Relevant arbeidserfaring. Erfaring frå domstolane vil være ein fordel.
- Gode samarbeidsevne og ei utprega serviceinnstilling.
- Initiativ og gode evne til å arbeide sjølvstendig, nøyaktig, ryddig og strukturert.
- Stor fleksibilitet når det gjeld nye arbeidsoppgåver og god evne til endring.
- Stor kjennskap til arbeid i elektroniske saksbehandlingssystem og andre digitale arbeidsmåtar.
- Svært gode norskkunnskapar, både skriftleg og munnleg.

Stillinga blir ved tiltreding lønt frå 435 000 til 535 000 kroner (1408 førstekonsulent), avhengig av kvalifikasjonar. Frå dette blir det trekt vanleg innskot til Statens pensjonskasse. Arbeidstida følger normalarbeidstida i staten. Prøvetida er seks månader. Tiltreding etter avtale.

Det er eit personalpolitisk mål at arbeidsstaben skal spegle befolkningssamansetninga generelt - også når det gjeld kjønn og kulturelt mangfald.

Ein gjer merksam på at opplysningar om søkaren kan bli offentleggjorde sjølv om søkaren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkarlista, jf. offentleglova § 25 andre ledd.

Ein kan få nærmare opplysningar om stillinga ved å kontakte assisterande direktør Øistein Aamodt eller nestleiar i juridisk utgreiingseining Christopher Haugli Sørensen på telefon 22 03 59 00.

Søknadsfristen er torsdag 12. februar 2019.

Send søknaden elektronisk via denne lenka: [www.jobbnorge.no](http://www.jobbnorge.no)

Jobbnorge ID: 163511, Deadline: The application deadline has passed